



# Årsplan 2024-2025

## Bratteberg barnehage



*Volda kommune har trygge barn, unge og  
vaksne som deltek, meistrar og lærer!*

(Visjon for sektor for opplæring og oppvekst)

Årsplan er godkjent for barnehageåret 2024/2025.

## Barnehagen vår.

Bratteberg barnehage er bygga i 2010, og held til i naturskjønne omgivnader i Volda kommune. Barnehagen ligg godt gøynd for trafikkstøy, og i eit særbarnevenleg område. Vi har ein stor uteleikeplass. I nærområdet finn ein både skog, fjell og vatn – naturen sine eigne sanserom.

Vi vil bruke nærmiljøet sine ressursar i samspel med rammeplanen sine fagområde for å gi barna ein heilskapleg læreprosess som gjer dei mogelegheit til å bidra med heile seg – kropp, sansar og sinn.

## Planleggingsdagar barnehageåret 2024/2025:

- 05. august 2024: eigen barnehage, klargjering for nytt barnehageår.
- 16. august 2024: Felles planleggingsdag oppvekstsektor.
- 23. oktober 2024: Alternativ Supplerande kommunikasjon.
- 12. Mars 2025: Planleggingsdag.
- 30. Mai 2025: Eigen barnehage.

Opningstid: Kl. 07.30 – 16.30.

## Feriestengd i veka 28, 29 og 30 (vedtak i SU, 01.10.24).

Det vert sendt ut kartlegging av ferie-/fridagar ved haustferie og vinterferie. Når det gjeld påskeferie og juleferie blir det sendt ut som påmelding i Vigilo. **Sommarferie blir sendt ut på same måte, med påmeldingsfrist innan 01.05.** (Jfr. Vedtekter for kommunale barnehagar i Volda § 7 og 8).

## Barnehagens innhald og formål.

### § 1. Formål

*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.*

*Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. (Barnehagelova §1)*

## Verdigrunnlaget i barnehagen.

I 2022 kom Oppvekstplan for sektor oppvekst ut, denne legg føringar for verdiar, mål og tiltak for alle tilsette og dei som mottek tenester i oppvekstsektoren i Volda kommune.

Verdigrunnlaget i Bratteberg barnehage er basert i Lov om barnehage, Rammeplan for barnehage og Oppvekstplan. Verdiorda som ein finn i planen er førande for kvaliteten i arbeidet i barnehagen, og dei tilsette har arbeidd i lag for å sikre ei felles forståing for verdiane. Under kan de sjå ei oversikt over kva vi legg i verdiorda.



### Raus

- Delekkultur, på tvers av avdelingar.
- Alle vert møtt med eit vennleg blikk.
- Tar kvarandre i å gjere noko bra!

### Modig

- Vi vil kvarandre vel.
- Tør å sei i frå, og står opp for barna våre.
- Vere leiken og utfordrar oss sjølv.
- Vi tør å gi av oss sjølv, og å vere den sikre basen og trygge hamnen når barna treng det! (COS)

### Lærande

- Uansett kunnskap og erfaring vert ein aldri utlært!
- Trivsel og glede er grunnlag for all læring! (COS)
- Vi deler og lærer av kvarandre.

### Kompetent

- Felles mål og praksis.
- Alt vi gjer skal vere til barnets beste.
- Spelar på våre beste egenskapar.
- Vi er kunnskapsrike og alltid open for ny og oppdatert kunnskap

## Nærvær og stabilitet.

Fokus på nærvær og stabilitet vert arbeidd med gjennom heile barnehageåret. Sektoren har framleis noko høgt sjukefråvær, målet er å auke nærværet for å sikre stabilitet i barnehagen og auke kvaliteten på tenesta vi leverer. Sektor og den einskilde barnehage har samarbeid med NAV Arbeidslivssenter.

## Vigilo.

Vigilo er det oppvekstadministrative systemet til Volda kommune.

Hovudkommunikasjon mellom barnehage og heim vert via Vigilo, der vil de m.a. finne vekeskriv og anna relevant informasjon frå styrar og avdeling.

Vi oppfordrar foreldra til å nytte Hjelpesenteret til Vigilo om ein skulle ha spørsmål, evt. ta kontakt med barnehagen om ein ikkje finn ut av det.

## Foreldre-app.

Foreldra har moglegheit til å nytte foreldre-appen til Vigilo.

## Samtykke.

På Vigilo er det publisert ulike samtykke frå Volda kommune og barnehagen. Foreldra må gå inn via **foreldreportalen** for å gi samtykke/ikkje gi samtykke. Ein har ikkje moglegheit til å gi samtykka på foreldre-appen. NB! Begge foreldre må gi samtykke for at det er godkjent!

Sjå meir informasjon om Vigilo frå Volda kommune her:

<https://www.volda.kommune.no/tenester/oppvekst-barnehage-og-skule/vigilo-for-dialog-mellom-foreldre-og-volda-kommune/>

Gå direkte til Vigilo: <https://vigilo.no/volda/>

## ReKomp.

Tema: ASK- Alternativ supplerande kommunikasjon.

ReKomp er ei regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage og skal bidra til at barnehagen utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Ordninga skal vere med på å sikre at alle barn får eit likeverdig barnehagertilbod av høg kvalitet. Dette er eit samarbeid og partnarskap med Høgskulen i Volda, der høgskulen skal bidra med kompetanseutvikling inn mot barnehagane, og høgskulen tar med seg erfaringane frå barnehagen tilbake til barnehagelærarutdanninga.

Satsingsområdet for Rekomp i Volda kommune er språk, leik og læringsmiljø, gjennom Statped sitt verktøy ASK.


I samråd med Statped, personalgruppa, leiargruppa og STIM-gruppa arbeidar avdelingane fram til sine problemstillingar i høve barna sine ulike behov.

Avdelingane sender ut informasjon i vekeskriva om korleis dei jobbar med problemstillingane i praksis.

Vi nyttar metoden aksjonslæring i kompetanseutviklinga, evaluerer kontinuerleg tiltaka og legg planer vidare. Dette kan føre til at problemstillinga vil utvikle seg etterkvart som vi oppnår målsettinga.

## Tryggleikssirkelen- COS.

Personalet er kursa og nokre er sertifisert i Circle of Security, eller Tryggleikssirkelen. Dette er eit verktøy som byggjer på tilknytingsteori og forsking, der det er fokus på å byggje trygge, gode og sterke relasjonar mellom barn og vaksne i barnehage. Tryggleikssirkelen er eit "vegkart" for kva behov barnet har, kva signaler tyder og kva vi kan gjere for å møte barna betre i deira behov.



Volda kommune tilbyr også foreldrekurser i COS. Spesialpedagog og koordinator for støttetiltak Ruxandra Raudøy held desse kursa. Informasjon om dette vert publisert på heimesida til Volda kommune.

## Inkluderande praksis

Det inkluderande fellesskapet er et av grunnprinsippa i vårt utdanningssystem. Et mangfold av barn og elever skal ha moglegheit til å lære og utvikle seg saman med andre. Kjennetekn på et inkluderande fellesskap er at barn og elever

- har tilgang til fellesskapet
- samarbeider med andre
- får læringsutbytte både sosialt og faglig
- opplever at de blir anerkjent og akseptert

Medverknad er en forutsetning for å gi alle en reell mogleheit til å delta i fellesskapet. Foreldre sitt engasjement er også viktig for barna og elevane sin læring og trivsel. Dette gjelder både for enkeltindividet, men også er foreldre en viktig funksjon for felleskapet.

Et godt tverrfagleg/tverrretatleg samarbeid er en viktig forutsetning for å skape et miljø der alle opplever fellesskap og meistring. Det vil også kunne forebygge at problem utviklar seg, eller at de blir større enn nødvendig.

### Betre tverrfagleg innsats- BTI.

Volda kommune jobbar med BTI for å betre tilbodet til barn, unge og familiær det er knytt uto til. Målet er å kome så tidleg som mogleg inn, gi betre teneste til dei som treng det, styrke kompetansen internt i kommunen samt etablere eit felles system som skal forenkle og samordne vår innsats på ein betre måte.

Les meir om BTI på: <https://www.volda.kommune.no/bti/>

### Tverrfagleg samhandlingsgruppe (TSG)

Formål for TSG, jamfør mandat: «TSG skal sikre at fleire fagområde og profesjonsgrupper samarbeider for å sikre at barn og unge får eit heilskapleg og godt tilbod så tidleg som råd er».

TSG er sett saman av barnehage, PPT, helsejukepleiar, barnevern, koordinator for støttetiltak. Gruppa jobbar hovudsakleg førebyggjande og systemretta. Enkeltsaker kan likevel drøftast i gruppa etter samtykke frå foreldra. Foreldre kan då delta i møtet.

## Samarbeid mellom barnehage og foreldre

Bratteberg barnehage sitt viktige arbeid med kvalitet i barnehagen, kjem fram gjennom årsplan og vekeskriv gjennom året. I vekeskriva vil foreldra finne dokumentasjon omkring aktivitetar og hendingar som vi gjennomfører med barna. Her får også foreldra eit kvardagsbilete av korleis dagen til barna har vore og kva dei har gjort på i løpet av veka. Barnehagen tilbyr ein foreldresamtale i halvåret. Gjennom året har vi i tillegg dei daglege samtalane ved levering og henting. Samarbeidet mellom heim og barnehagen er særsviktig for at vi skal kunne skape ein best mogleg kvardag til det enkelte barnet. I løpet av året vil vi eksempelvis ha oppstartssamtalar, foreldremøte, foreldrekafe, ulike lunsjar ved høgtider, sommaravslutning og dugnadar.

### Foreldreråd

Foreldrerådet består av foreldra/dei føresette til alle borna som går i barnehagen, og skal fremje deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

### Foreldrearbeidsutval(FAU)

FAU er valt av foreldrerådet. Dei har i år ein valt ein representant og ein vara frå kvar avdeling. FAU er bindeleddet mellom foreldra og barnehagen i saker som angår fleire enn berre eit barn. FAU skal fremje foreldregruppas fellesinteresser og jobbe for eit godt barnehagemiljø. FAU tar opp saker foreldra melder inn og kan formilde dei vidare til SU.

### Samarbeidsutval(SU)

SU skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av to foreldre/føresette og to tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagen sin eigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene. Barnehageeigaren skal syte for at viktige saker kjem fram for foreldrerådet og barnehagen sitt samarbeidsutval. Dette er eit teibelagt organ, som skal sikre at vi samarbeider om det som er til det beste for alle barna i barnehagen. Aktuelle tema kan til dømes vere ulike arrangement, foreldremøte og foreldresamtaler.

## Overgangar i barnehagen.

Det å starte i barnehagen skal opplevast som ein god start, både i høve til utvikling av tryggleik og tilhøyrsla. Tilvenning, tryggleik og tilhøyrsla er nøkkelord i samband med alle overgangar i løpet av barnehagetida.

### Ny i barnehagen

Foreldreaktiv tilvenning.

Liten og ny i barnehagen bygg på teori om overgangar og små barn si utvikling, samt forskings- og erfaringsbasert kunnskap frå norske, svenske og danske barnehagar. Målet med modellen er å fremme ein tilvenningsprosess som er tilpassa behova til dei yngste barna, mellom anna gjennom å gi barna tid til å bli kjende med barnehagen, dei tilsette og andre barn medan foreldra er til stades og representerer tryggleik for barna.

I samarbeid med foreldra kan barnehagen på denne måten legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tida slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn. Perioden for tilvenning varierer ut i frå kvart barn og deira behov.

Tett samarbeid mellom foreldre og barnehagen er svært viktig. Meir informasjon finn du i lenka under:

Lenkje til informasjon om foreldreaktiv tilvenning:

<https://www.ntnu.no/rkbu/litenogny/foreldre>

### Frå småbarn- til storbarnsavdeling

I Bratteberg barnehage vil vi legge til rette for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barn, og personalet når barnet bytter barnegruppe. Barnehagen er opptatt av å gjere barna kjende og trygge på dei nye avdelingane sine. Barna får bli betre kjent med personalet og barna der. Det kan opplevast overveldande for eit barn å flytte frå småbarns til storbarnsavdeling. Det er færre vaksne per barn og større avdelingar. Difor besøker vi avdelinga med jamne mellomrom, særleg på vårparten. Der gjennomfører vi ulike aktivitetar, aleine og saman med dei vaksne frå småbarnsavdelinga.

## Frå barnehage til skule

Plan for samanheng mellom barnehage, skule og SFO er rettleiande for arbeidet med overgangen frå barnehage til skule i Volda kommune.

Når barn av ulike årsaker har behov for ekstra støtte i overgangen, har Volda kommune med utgangspunkt i utdanningsdirektoratet sine anbefalingar utarbeidd denne rutinen:

<https://www.volda.kommune.no/styringsdokument/oppvekst-barnehage-og-skule/rutinenar-barn-har-behov-for-ekstra-stotte-i-overgangen-mellom-barnehage-skule-og-sfo/>

For våre «skulestartarar» har vi ein intensjon om å gjere det siste året i barnehagen meir spesielt enn dei andre åra dei har vore i barnehagen. Dei skal oppleve den avsluttande tida i barnehagen som spanande, utfordrande og som ei tid der iveren etter å erobre nye kunnskapar skyt fart (rettleiaren «Fra eldst til yngst», 2009).

Gjennom det siste barnehageåret har vi ei eiga førskulegruppe. Borna får ei eiga førskulebok. Fokuset er å skape ei nysgjerrigkeit og interesse for skulen, ikkje at borna skal lære og lese og skrive. Her trener vi på skuleførebuande oppgåver, bl.a. rekke opp handa, arbeidsro, skrive namnet vårt, bokstavar og ulike omgrep både innan språk og matematikk. Vi legg vekt på at barna skal ha varierte aktivitetar og vil gjerne at barna skal «leike» inn kunnskap, for eksempel å lage bokstaver med kroppane sine eller lage tall av naturmateriale. I samarbeid med foreldra har vi det siste året i barnehagen eit særskilt fokus på at borna skal verte mest mogleg sjølvstendige og klare for dei forventningane dei vil møte i skulen. Vi øver på å halde orden, kle på oss sjølve og klare oss sjølve på do.

Bratteberg barnehage jobbar ut i frå det rammeplanen seier: Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigkeit og tru på eigne evner. Barna skal få bli kjende med kva som skjer i skulen og skule- fritidsordninga. (Rammeplan for barnehage 2017).

Vi samarbeider med foreldre og skule for å sikre at barna er førebudd på skulestart. På vårparten får førskulebarna besøke den skulen dei skal begynne på, helse på lærarar, SFO og skulen generelt. Det er viktig at dei ser eit kjent ansikt når dei begynner på skulen. Barnehagen har også ein overgangssamtale med rektor på skulen, for å sikre best mogleg overgang.

## Elever og studentar i Bratteberg barnehage.

I løpet av barnehageåret vil ulike avdelingar har besøk av elevar og studentar frå ulike skular og høgskular i nærområdet.

Det vil bli sendt ut informasjon frå kvar enkelt avdeling om avdelinga har elever eller studentar.

Bratteberg barnehage har eit godt samarbeid med Læringssenteret i Volda. Mellom anna tek vi imot vaksne innvandrarar i kommunen som vil ut i arbeidslivet og øve seg på språk.

## Fysisk aktivitet i Bratteberg barnehage.

### Sanseroma og gymsal:

#### **Vassrom - Musikkrom - Svart rom - Kvitt rom - Ballrom**

Barnehagen har fem sanserom. På sanseromma kan barna oppleve lyd, visuelle effektar, taktile opplevingar, vibrasjonar og musikk i mange kombinasjonar og variantar. Barnehagen held på med utbetring/oppgradering av sanseromma.

#### Gymsal.

I Bratteberg barnehage har vi eigen gymsal der vi legg til rette for fysisk leik innandørs. Sanseroma og gymsalen inngår i ei rullering, slik at alle avdelingane har lik tilgang.

#### Vasstilvenning for borna født 2019.

Vasstilvenning for barnehageåret 24/25 er ikkje avklart. Barnehagen har søkt om mildar, meir informasjon om eventuell vasstilvenning kjem når situasjonen er avklart.

Volda kommune arrangerer vasstilvenning for borna født i 2019. Målet for vasstilvenninga er å gjere borna trygge i vatn. **Tilbodet er frivillig og krev samtykke!** Barna vert skyssa til og frå barnehagen.

Barnehagen tek etterhald om at Voldabadet blir klart til å ta imot barna dette barnehageåret. Estimert opning/oppstart er februar 2025

#### Interaktive skjermar

I gymsalen og på sanserom er det installert to digitale flater; "Active Floor" og "Active Wall". Desse representerer barn sin aktive leik med digitale verkty og det vert gitt opplæring til tilsette i bruken av desse. Det er også meinings at andre barnehagar kan nytte ledig tid med desse verktya i desse romma.

I tillegg har avdelingane to interaktive skjermar på hjul som vert nytta i ulike pedagogiske samanhengar, t.d. knytt til temaarbeid og samlingsstund.

#### Livsgledebarnehage

Bratteberg barnehage er dette året blitt en Livsgledebarnehage.

En livgledebarnehage er med på å skape glade og meiningsfulle dagar for dei eldre i sitt nærmiljø. 4-åringane i Bratteberg barnehage drar annan kvar tysdag på besøk til omsorgssenteret, der dei deltek på felles aktivitetar på tvers av generasjonar. Gjennom generasjonsmøta opplev barna at dei betyr noko og er til glede for andre. Dei erfarer samstundes at gode opplevingar, vennskap, og interesser ikkje har nokon aldersgrense.

Livsglede foreldre (LFE) er ein religiøst og politisk uavhengig ideell stifting som skapar meiningsfulle augneblink for eldre, som og ønsker å utløyse frivilligheit og engasjement.



## Fagområda i Rammeplan for barnehagen.

I Rammeplan for barnehagen er det sju fagområde barnehagen skal jobbe med, og som skal vere synleg i arbeidet i barnehagen gjennom heile året. Vi har også valt å ha eit utvida fokus for kvart enkelt fagområde ein månad i året.

Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Sjå Rammeplanen (2021): <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>

Kommunikasjon, språk og tekst

Kropp, rørsle, mat og helse

Kunst, kultur og kreativitet

Natur, miljø og teknologi

Mengd, rom og form

Etikk, religion og filosofi

Nærmiljø og samfunn

Under finn du ein kort introduksjon om dei ulike tema for kvar månad. Meir detaljert informasjon får du i vekeskriv gjennom barnehageåret.

# August

05.08.24: Planleggingsdag - Barnehagen er stengd

16.08.24: Planleggingsdag - Barnehagen er stengd

26.08.24: Ukrainas uavhengighetsdag

## Tema: Tilvenning

Mål: Barn og føresette skal føle seg velkomne i barnehagen.

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutiner og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhørsle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære. (Rammeplan for barnehage. s.33)

Den første tida kan vere litt uvant både for dei som har gått i barnehagen før og dei nye. Nokre venner har slutta eller skifta avdeling og dei vaksne i barnehagen har kanskje gjort det same. Dei nye barna skal verte kjende i barnehagen; relasjonar og vennskapsband skal etablerast og dei skal verte kjende med barn og vaksne, med romma, utstyret, rutinane og reglane. Og både nye og «gamle» barn skal finne sin plass i ei ny gruppe. Personalet er svært opptatt av at alle skal få gode erfaringar i dette «første møtet» med barnehagen og oppleve at dei vert inkludert.

Eit nært samarbeid med føresette er ein føresetnad for barn sin trivsel i barnehagen. Tilvenningsfasen er veldig ulik, og kan vere ein prosess som tek tid. Så difor er det viktig at føresette og personale er i tett dialog og avtaler korleis det vert best for barnet. Vi ynskjer at tilvenninga i Bratteberg barnehage skal vere så trygg og god som mogleg for barn og foreldre. På kvar avdeling er det kontaktpersonar som har meiransvar for dei ulike barna i tilvenningsperioda. Dette er for at barn og foreldre ikkje skal ha så mange å halde seg til den aller første tida i barnehagen. Men vi har fokus på at alle vaksne skal bli godt kjende med alle barna slik at vi kan sikre at barnehagen blir ein trygg og god plass å vere.

Barnegruppene vert samansett utifrå tal barn i ulike aldersgrupper og vi tek også omsyn til fordeling jente og gut, samt vennskap.

# September

Veke 38: Brannvernveke (16.09.-20.09.24)

Tema: Bli kjend.

Mål: Barna skal oppleve å vere viktige i fellesskapet og ha positivt samspel med andre barn og voksne.

Alle avdelingar jobbar med sosial kompetanse som omfattar ferdigheiter, kunnskap og haldningar. Kjernekomponentane er samarbeid, sjølvheving, sjølvkontroll, empati og vere ansvarleg. Barnehagen vil spesielt jobbe med å kjenne att kjensler, og gjere barna i stand til å takle desse på ein god måte. Dette krev mykje samtale og repetisjon, men det gjev barna nokre verktøy som dei kan ha nytte av seinare i livet.

Vi har særskilt fokus på det psykososiale miljøet i barnehagen, og personalet har auka kompetansen om dei nye paragrafane (§41, 42 og 43) i barnehagelova. Vi har fokus på forholdet mellom barn - barn, barn - voksen og voksen - voksen.

Det er viktig å presisere at barnehagen skal førebyggje, stoppe, følgje opp diskriminering, utestengning, mobbing, krenking og uheldige samspelsmønstre.



# Oktober

23.10.24: Planleggingsdag – Barnehagen er stengd

**24.10.24: FN-dagen. Tradisjonsgruppa har valt å markere FN sin internasjonale barnedag 20.11.**

Hentekafé/Lysfest, sal av kunst til inntekt for TV-aksjon.

Tema: Kropp, rørsle, mat og helse.

Mål: Gi barna oppleving av rørslede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse.

Dette skriv Rammeplanen (2017): Vanar og handlingsmønster tek form alt frå tidleg alder av. Gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder, kan vare livet ut. Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader. Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine eigne og andre sine grenser. Vi samtalar med barna om kva som er akseptabelt og ikkje i høve kropp, grenser og overgrep. Her nyttar vi t.d. Redd Barna sitt undervisningsopplegg «Kroppen min eier jeg» i lag med dei eldste barna.

Gjennom arbeid med fagområdet skal barna få sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt. Gjennom medverknad i mat og måltidsaktivitetar skal barna motiverast til å ete sunn mat og få ei grunnleggjande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse. Med naturen som nærmiljøet sine ressursar i samspel med rammeplanen sine fagområde for å gi barna ein heilskapleg læreprosess som gir dei høve til å bidra med heile seg – kropp, sansar og sinn.

I slutten av Oktober vert Øyralangs arrangert. Fleire av avdelingane lagar berekraftig kunst som er med på å pynte området under Øyralangs. I perioden går fleire av avdelingane på tur til området og utforskar og undrar oss i lag.



# November

29.11.24: Julegrantenning i utetida (ca. Kl. 10.00)

20.11.24: markering av FN sin internasjonale  
**barnedag. Hentekafé/Lysfest, sal av kunst til  
inntekt for TV-aksjon.**

Tema: Kommunikasjon, språk og tekst.

Mål: Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk

Rammeplan (2017, s.23) for barnehagen skriv: «Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og sam-spel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling».

I barnehagen skal barna få erfare ulike måtar å formidle tekstar og forteljingar på, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møte med språk og kultur. Personalet skal invitere til utforsking av både det munnlege språket og skriftspråket. Vi samtalar utifrå ord og omgrep i løpet av barnehagedagen; aktuelle ord i meiningsfulle samanhengar. Vi nyttar språk til å skape relasjonar og delta i leik, og som reiskap til å løyse konfliktar. Vi nyttar opne spørsmål.

Vi deler barnegruppa inn i smågrupper, der ein kan leike, nytte bøker med og utan konkretar, spele spel etc.

Vi prøvar å utnytte alle små augeblink til å samtale og undre oss saman med borna.

I løpet av november startar vi førebuingar til advent, informasjon om dette kjem i vekeinfo frå kvar enkelt avdeling.

# Desember

01.12.24: 1. søndag i advent

08.12.24: 2. søndag i advent

**13.12.24: Luciamarkering**

15.12.24: 3. søndag i advent

19.12.24: Nissefest

22.12.24: 4. søndag i advent

Tema: Den største gleda ein kan ha, er å gjere andre glad!

Mål: Barna skal oppleve ei roleg stemning med nærliek og sanseopplevelingar, og fokus på å glede andre i førjulstida (Rammeplanen, 2017 s. 19-23).

Vi skaper ei roleg tid fylt med sanseopplevelingar og kreative impulsar. Vi har fokus på forventningar, førjulsaktivitetar og førebuing. Alle barna får forme og vere kreative i si eksperimentering med ulike materiale og aktivitetar. Barna får bruke sine skapande evner og sjølve medverke til kva vil dei lage, gjere på, og finne meiningsfulle aktivitetar utifrå eigne behov.

I samband med advent og julehøgtida formidlar barnehagen verdiar og tradisjonar frå den kristne kulturarven, samstundes som vi tek omsyn til, og snakkar med barna om det multireligiøse og fleirkulturelle samfunnet vi har i Norge i dag. Vi ynskjer ikkje å «ta jula på forskot», og legg mest vekt på advent – det å vente- å vere forventningsfull- å glede seg. Slik kan heimane få «bevare» aktivitetane som skaper tradisjonar og forventningane for barna i samband med advent- og julehøgtida.

- Vi legg vekt på å lage rolege, magiske og sanselege stemningar med musikk, lys, lukt, gode smakar og gode samtaler. I eit slikt sansemiljø kan vi nytte alle dei 5 sansane våre ekstra mykje både aktivt og passivt.
- Vi lyttar til julemusikk av ulike slag, syng julesongar, les vinter- og juleforteljingar og gler oss til jul.

**GOD JUL!**

# Januar

Torsdag 2. januar 25 - Første opningsdag.

Tema: Kunst, kultur og kreativitet.

Mål: Styrke barna si tru på eigne skapande evner.

Dette seier Rammeplanen (2017, s 50) om fagområdet : «Barna får estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon.

Barna skal støttast i å vere aktive og skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk.

Barnehagen skal leggje til rette for samhørsle og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk.

Fagområdet kunst, kultur og kreativitet og tek for seg uttrykksformer som biletkunst og kunsthandverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design.

I arbeid med fagområdet skal personalet stimulere nysgjerrigkeit, utvide forståinga deira og bidra til undring, undersøkingar, utprøvingar og eksperimentering. Barnehagen må leggje til rette for og vidareutvikle dei kreative prosessane og uttrykka til barna.»

Januar er ei fin tid for å jobbe med kreative aktivitetar som eventyr, drama, song, og biletkunst på ulike måtar (tilpassa alder og modning).

Vi skal gi barna inspirasjon gjennom ulike opplevelingar som stimulerer til bruk av fantasi, kreativ tenking og skaparglede. Vi ynskjer å styrkje barnet si tru på eigne skaparevner.

Barna skal ha tilgang til ting, rom og materiale som støttar opp om dei leikande og estetiske uttrykksformene, både i inne- og uterom i barnehagen.

I dette arbeidet skal barns rett til medverknad ivaretakast. Personalet skal tone seg inn på barna sine innspel og støtte tankar og idear dei har slik at dei kan utvikle varierte uttrykksformer, noko som lett kan føre til at planar vi hadde i utgangspunktet vert endra utifrå kva innspel barna kjem med.

# Februar

06.02.25: Samefolkets dag

Veke 7: Karneval

21.02.25: Morsmåldagen

Tema: Natur, miljø og teknologi.

Mål: Oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen

Dette seier rammeplanen (2017, s.52) om fagområdet: «Opplevelingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider.»

Dette fagområdet jobbar vi med gjennom heile barnehageåret. Ute på barnehageområdet og på turar i nærmiljøet følger vi med på syklusane i naturen gjennom årstidene. Vi forskar på og filosofera over forandringane i naturen og følger med på dyrelivet.

Vi jobbar ut i frå eit verdisyn der vi skal ha respekt for og ta vare på naturen. På turane våre ser vi på kva som høyrer heime i naturen og finn vi til dømes søppel tek vi det med og kastar i søppeldunka til barnehagen. Vi har og fokus på kildesortering i barnehagen, der borna t.d. er med på å ta med papp, mjølkekartongar og plast i blådunka. Vi nyttar og gjenbruksmateriale til formingsaktivitetar.

Vi skal også utforske teknologi med barna, og korleis denne kan vere med på å bidra til barna sin leik, kreativitet og læring. Når vi nyttar digitale media i barnehagen er det fokus på at barna skal vere produsentar og ikkje konsumentar, og at bruken bidreg til barna sin leik, kreativitet og læring. Vi har fokus på å utøve digital dømmekraft, både barn og vaksne har fokus på at vi ikkje nytter digitale media om det ikkje bidreg til å nå måla våra, eller gjer barna til passive konsumentar!

Førskulegruppa utforskar mellom anna koding.

Barnehagen nyttar Active Wall, Active Floor og interaktive skjermar med ulike pedagogiske aktivitetar.



# Mars

11.03.24 Barnehagedagen

12.03.25: Planleggingsdag – barnehagen er stengd.

Veke 14: Markering av Id. (lille id)

## Tema: Etikk, religion og filosofi

Mål: Få kjennskap til grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, og bli kjent med religionar og livssyn som er representert i barnehagen.

Dette seier Rammeplanen (2017, s. 54): Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar. Fagområdet ser særleg på barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn som er prega av livssynsmangfold. Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølve å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. Slik skal barnehagen bidra til å leggje grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft.

I Bratteberg barnehage skal vi kunne sjå og kjenne igjen dei grunnleggjande verdiane, slik som respekt for menneskeverdet, naturen og mangfold, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likestilling, likeverd og solidaritet, gjennom heile dagen.

Vi vaksne må etter leve desse verdiane i praksis, vise gode haldningar, og vere gode modellar for barna. Barna lærer og tek opp i seg det dei ser og opplever, og ikkje det dei høyrer.

Vi formidlar verdiar gjennom bruk av Tryggleikssirkelen, leik og vennskap og arbeid med sosial kompetanse. Dei grunnleggjande verdiane er også svært viktige i arbeidet med Rekomp, der tema vert Språk, leik og læringsmiljø. Ved etablering og bygging av relasjonar vert verdiane våre viktige og synlege.

# April

- 16.04.25: Barnehagen stengjer kl. 12.00
- 17.04.25: Skjærtorsdag – Barnehagen er stengd
- 18.04.25: Langfredag – Barnehagen er stengd
- 21.04.25: 2. Påskedag – Barnehagen er stengd
- Fellesarrangement for førskulebarna på stadion

## Tema: Mengd, rom og form.

Mål: Oppdage og undre seg over matematiske omgrep.

Dette seier Rammeplanen (2017, s. 53): «Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelpe barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleivlivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande. Arbeid med fagområdet skal stimulere barna til undring, nysgjerrigkeit og motivasjon for problemløysing. Fagområdet omfattar leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling. Det handlar òg om å stille spørsmål, resonnere, argumentere og søkje løysingar»

I barnehagen skal barna få oppdage og undre seg over matematiske samanhengar og utvikle ei forståing for grunnleggande matematiske omgrep. Dei vaksne må legge til rette for at barna får leike og eksperimentere med tal, mengd og teljing. Det er viktig at barna skal få oppleve glede ved matematikken.

# Mai

01.05.25: Offentleg høgtidsdag - Barnehagen er stengd  
29.05.25: Kristi Himmelfartsdag – Barnehagen er stengd  
30.05.25: Planleggingsdag – barnehagen er stengd  
17.05.25: Noregs nasjonaldag – markerast 16. mai

**Førskuledag: Ikkje avklart**

**Besøksdagar for førskulebarna: Dataar vil stå på  
vekebreva**

## Tema: Nærmiljøet og samfunn.

Vi har eit fantastisk nærmiljø rundt barnehagen vår, men vi har også eit stort samfunn og ei stor verd vi skal gi barna kjennskap til. Rammeplanen seier at ”Gjennom utforsking, opplevelingar og erfaringar skal barnehagen bidra til at borna blir kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda”.

Vi vil i vår barnehage sørge for å gi borna forståing for at vi er ulike og at alle fortener like moglegheiter, vi må fremje likestilling og motverke diskriminering, fordommar og rasisme. Vi vil gi barna kjennskap til lokalhistorie nær der dei bur og lokale tradisjonar som vi brukar.

Vi gjer barna kjend med dei ulike kulturane og tradisjonane som finns i barnegruppa og blant dei tilsette, og vi gjer oss også kjend med Norges urfolk – samane og samisk kultur. Tema omkring samisk kultur har og kome opp når vi markerte Samefolkets dag i februar.

Ved å la barna få medverke i kvardagen, legg ein grunnlag for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn.

Den 16. mai markerer vi nasjonaldagen i barnehagen, vi går i tog til Læringssenteret. Når vi kjem tilbake til barnehagen eter vi mat ilag og har ulike 17.mai-leiker.

## Juni

Veke 23: Sommarfest (mat og drikke i regi SU)

09.06.25: 2. pinsedag – barnehagen stengd.

Veke 24: Besøksveke

For nokre av barna er dette den siste tida dei skal vere på avdelinga si, anten om dei skal ta til på skule eller anna avdeling. Ved slike overgangar kjem det ut eigen plan og informasjon fra avdelinga/administrasjonen. Volda kommune har eigne retningslinjer for å gjere overgangen til skule mest mogleg trygg og god. For barn med utvida behov startar barnehagen samarbeidet med skule innan 2 år før skulestart. For barn som skal bytte avdeling nyttar vi tida før sommarferien til å bli kjend med den nye avdelinga og dei vaksne som er der.

Sommarfest i regi av Samarbeidsutvalet/FAU - ein tradisjon vi ønskjer å ta vare på for ei kjekk avslutning på barnehageåret.

## Juli

Veke 28, 29 og 30: Barnehagen er stengd.

Vi tar dagane som dei kjem, og barna sine spontane impulsar styrar dagane. Både små og store har starta på ferie og vi slår avdelingane i lag om gruppene er små nok til det.

Barnehagen er stengt i 3 veker. Feriestengt veke 28, 29 og 30. (vedteke i SU. 01.10.24)

Ferie for barna: Jmfr §8 i Vedtekter for kommunale barnehagar i Volda kommune skal alle barn ha fire veker ferie, derav tre veker samanhengane om sommaren. Barna som skal starte på skule, skal avvikle ferien før nytt barnehageår startar.

Sommarferien må vere fastsett innan 01.05. inneverande år.

Volda 07.10.2024